
Ung Åslaug

- 1) Ung Åslaug gjekk i bjørkeskog so tirøygd, frisk og raud,
ho tykte mest, at alle gret, der som ho gleda baud.
- 2) Kva er det vel dei syta for i verdi vid og stor?
når soli skin, og hjarta brenn, og kjærleiken fær ord.
- 3) Då kom eit bod at hennar mor låg sjuk og måtte døy,
då kom eit bod, at hennar ven hev fest ei onnor møy.
- 4) Ung Åslaug vart so underleg, ho tagde reint den kveld,
for noko bort frå hjarta fraus, endå det brann som eld.
- 5) Ung Åslaug gjekk i bjørkeskog, så tårøygd og so raud,
ho tykte mest, at alle log, der som ho sorgi baud.
- 6) Kva er det vel dei fagnast ved i verdi vid og stor?
når soli brenn, men hjarta frys, og kjærleik bert er ord.

Visa er dikta av Kristofer Janson (1841-1917) og trykt i samlinga "Norske Dikt" (1867).
Tonen er laga av Kristoffer Fuglem (1843-1883). Dansemåten er laga av Klara Semb, og stod
i "Leikarvollen" i 1932. Dansen står i boka Klara Semb: "Norske Folkedansar. Songdansar."
(1985).

Dansemåte: Attersteg og gåsteg. Tonen går over to vers. Vi stiller opp i dobbel ring, jentene
held saman i inste ringen tett innafor gutane som også held saman. På dei første lina går
jentene inn mot sentrum av ringen på 6 små gåsteg, medan dei løfter armane, og rygger så
tilbake på 4 gåsteg og eit sluttsteg medan dei senker armane att. Samtidig med at jentene går
inn, løfter gutane armane medan dei står i ro, og står slik til jentene er kome ut att. På neste
lina går gutane inn i ringen på 6 gåsteg, og rygger så attende på 4 gåsteg og eit sluttsteg
(armane oppe medan dei rygger). Medan gutane går inn, står jentene i ro og løfter armane, og
står slik medan gutane rygger. Nå song vi første verset. På neste verset dansar vi ettersteg. Så
byrjar brigdet att på tredje verset, etc.